



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG ÅRSMELDING 2015

Årsmøte i lagshytta på Kleppa fredag 26.februar 2016 Kl.19:00



Opning av grillhytta

Foto: Sigrid Svartefoss

*Jakt-, fiske- og friluftliv-glede til alle – for alltid!*

# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

Fredag 26.februar 2016 kl.19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.  
*Forslag frå styret:*
8. Medlemskontigenten 2017.  
*Forslag frå styret: Ingen auke i 2017*
9. Info. om aktivitetar i 2016.
  - Aktivitetskalendar for 2016.
  - Dugnad: Ferdigstilling av sportinganlegg, grillhytta og Trastadalshytta.
  - Info. om hjortejakten i Huksdalen og Skjolden.
10. Innkomne saker.  
*Ingen innkomne saker.*

**Etter årsmøtet vert det enkel servering,  
og sosialt samver!**

**Nye og gamle medlemar er velkomne!**

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## ÅRSMELDING 2015

**Styret** har i 2015 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Nestleiar: Ole Simen Nesdal  
Kasserar: Håkon Nesse  
Sekretær: Kjell Erik Strand  
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl  
Varamedlem: Kim Vidar Bakken

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 5).

Ved årsskiftet hadde laget 299 medlemmer, som utgjer ca.13.5 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 22 medlemmar i 2015.

### **Møte og samlingar:**

Det er halde 2 styremøte der det vart handsama til saman 34 saker.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Per Norstein er leiar i fylkesstyret. Odd Rune Våge er medlem i jakthundutvalet og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for jakttskyting.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 20.-21.mars på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa i Førde var Kim Vidar Bakken, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl. Svein Inge Lundheim vart tildelt NJFF's innsatsmedalje på årsmøte.

Kjell Erik Strand, Ingeborg Sivertstøl, Inger Ness og Svein Inge Lundheim var deltakarar på eit portalkurs på Thon Hotel Jølster 24. januar.

Ingeborg Sivertstøl og Inger Ness var deltakarar på jentesamling 6.-7. februar på Lunde Turiststasjon.

På tillitsvaldsamling på Jakt og Fiskesenteret på Flå 30.okt. – 1.nov. var Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim deltakarar.

### **Generelt:**

I 2015 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå ”Saften” og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag.

Økonomisk har 2015 vore eit svært godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Leikanger jfl ga eit tilskot på 10 000,-kr til Leikanger Sikringradiolag til gjennomsnakkestasjon på Kjeringafjellet.

## Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

- |  |             |
|--|-------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen                                     | 16 745,-kr  |
| • Link Bingo   | 141 016,-kr |
| • Mva-kompensasjon   | 20 143,-kr  |
| • Leikanger Kommune – kulturmidlane                                  | 5 000,-kr   |
| • NJFF- «Fiskesommer»  | 10 000,-kr  |
| • NJFF- «Fiskevinter»  | 4 000,-kr   |
| • NJFF- Frifond/LNU- midlar til barn- og ungdomsarbeid i 2015/16:    | 58 086,-kr  |
| • NJFF- «Jaktskyttarskule» 2015 og 2016                              | 40 000,-kr  |
| • NJFF- «Rovviltbane»  | 5 000,-kr   |
| • NJFF- jenteaktivitetar   | 5 120,-kr   |
| • Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) | 20.000,-kr  |

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, Sogn Tavle og Datamontering, Kiwi, Prix, Coop-Byggmix, Bama, Sogn Røyr og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

I 2015 har laget gjort ein del invisteringar og innkjøp:

- 12 500stk leirdueskot og 11 200stk leirduer.
- 6 pallar Hundefør.
- Nytt handicaptoalett og vask.
- Solcellepanel med utstyr til Trastadalshytta. (ikkje montert).
- Dør til nytt glasskap for utstoppa dyr og fuglar.
- 7 reinskinn og div. lamper og instalasjon til grillhytta.
- Gjerdeapparat – straumkilde til sauagjerde.

## Kurs, trening og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 12 deltakarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Jaktskyttarskule – gratis hagle- og rifleskyting.
- Riflekurs for jenter.
- Haglekurs for jenter i lag med NJFF-Sogn og Fjordane.
- Rifleinstruktørkurs i lag med NJFF-Sogn og Fjordane.
- Skytetrening på jaktfelt.(avtale om bruk av skytebana i Eivaldgjerde)
- Kurs i aversjondressur (el.halsband).
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Jegertrapstemne 50 skot
- Lagsmeistarskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurransen.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandset.
- Blodsporprøve.
- Pateringskurs.
- Røykelakskurs.

Som det går fram av oppstillinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Are Sangvik Grandal, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

På fiskekonkurransen på Fjærlandste fekk Eivind Røysum den største auren på 573gr. sløygd og Inger Ness flest med 5 aurar. Ingen fekk aure på flugestang.

Vinnaren av "Vårsprellen" vart Eirik Skrede Valevik som fekk ein torsk på 205gr.

Frode Husum vart lagmeister både i jegertrap og leirduesti med 23 tr. i begge. Håkon Nesse vart vinnar av jegerklassen i både jegetrap med 20tr. og leirduest med 12 tr.

Beste junior/dame i jegertrap vart Malin Sæbø Nes med 0 tr. Beste junior i leirduesti vart Kristian Nesse Slinde med 7 tr.

I FM-jegetrap fekk Frode Husum sølv med 71tr. og Arve Lingjerde bronse med 71.tr. etter omskyting. I FM-leirduesti fekk Frode Husum gull med 71 tr. etter omskyting.

Frode Husum vart «Systronds beste skyttar» med 46 treff samanlagt og best på leirduebana med 23tr. Kjell Næss vann på 100M med 250 poeng.

I Duellen vann skyttarlaget lagkonkurransen med 307 p. mot jakt- og fiskelaget's 301 p.

Duellen vart avslutta med grilling i grillhytta.

I pridatorkonkurransen (før fangstkonkurransen) vart Per Røysum nr.1 med 700p. (9 revar og 5 mårar), Kim Vidar Bakken vart nr.2 med 200p.(4 mårar) og Bjarne Sjøthun nr.3 med 150p.(2 revar og 2 minkar). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum på 1000,-kr, 700,-kr og 400,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum, Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar.

31.mai arrangerte Leikanger jfl blodsporprøve. Det vart lagt 12 løyper i Kleppaområde. Prøvens beste hund, Norsk Elghund Svart, *NVCH Vossasvarten's B Anja* - 1. premie med HP - eigar/førar Roald Lunde.

### **Jaktprøvar og utstillingar for hundar:**

*Kvalhornets Aura* (rase:Alpinsk Dachsbracke) Eigarar Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl.

*Bruksprøve:* 31/5: Blodspor ordinær 2.premie. 10/8: Rørligt viltsporprov 1.premie

24/8: Bruksprøve Schweisshund, 187 poeng

*Utstilling:* 26/4 Naustdal: Exc.AK 1.AKK CK CERT 1.BTK BIR 9/5 Ålesund: G.AK

6/6 Drammen: G.AK 8/8 Elverum: VG.AK. 1.AKK

Formbewertung 15/8 Vindfjelltunet: 332poeng Meget godt.

*Nsvch BH RL 2 Desparados Tingeling* Eigar Elin Anita Gjerde

*Bruksprøve:* 3x1.pr. rally kl.2 - 3x1. spor – Prøvens beste hund – 1 xhp – 1. pr. NM 2015

*Utstilling:* Bir veteran, ck, bis veteran.

*NO57938/09 NJCH Epleskogens Adam* Eigar Bjørn Monsen

*Bruksprøve:* 1.VK m/ck Semi Kongsvold. 1.VK m/ck Kongsvold. 1.VK m/ck Filefjell.

1.VK m/ck Grotli. 1.VK Raggsteindalen. 4.VK Finale Grotli. 4. VK Hemsedal.

6.VK Kongsvold.

### **Instruktørar, dommarar og taksørar:**

*Jegerprøveinstruktør:* Inge Yttri , Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Sverre Fossen, Kim Vidar bakken og Odd Rune Våge.

*Småvilttaksør:* Kim Vidar Bakken.

*Hagleinstuktør:* Emil Røysum Skartun og Nils Olav Langeteig.

*Instruktørar aversjondressur:* Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Jon Husabø og Robert Brenden.

*Rifleinstruktør:* Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Terje Verlo, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum og Nils Olav Langeteig.

*Hagledommar:* Nils Olav Langeteig, Frode Husum, Emil Røysum Skartun og Svein Inge Lundheim.

*Ettersøksdommar:* Elin Anita Gjerde.

*Fuglehunddommar jaktprøver:* Bjørn Monsen

Ettersøkskvipasjar som er med i Sogndal ettersøkslag er Odd Rune Våge med Aura og Elin Anita Gjerde med Desparados Tingeling.

### **Andre aktivitetar:**

Også i 2015 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnarskapsavtalen*» med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden og fiskedag i Pilavika.

I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Inge Yttri, Sverre Fossen, Ivar Ness, Steinar Næss, Åsmund Espe, Arne Rosenlund, Knut Egil Sundet, Terje Verlo, Kjetil Berg, Svein Kai Fedje og Eivind Røysum . I tillegg var Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim med frå styret.

- Fisketur med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapsavtale)
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle.
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapsavtal).
- Fiskedag med 7.klassen i småbåthamna.
- «Jaktkytingens dag» gratis skyting.
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- I friluftslivets år hadde me 3 arrangemet med ovenattingsturar i lag med speidaren. (Kleppa, Hamrestølen og Flotande)
- Stenden vår på "Fruktbare dagar" utdeling av gratis smaksprøvar av tilbreda vilt og fisk. Nytt av året var gevirbedømming med gevirdommer Knut Øyvind Marås.
- Div. dugnad er gjennomført i året som er gått, om lag 10-15 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

### **Andre tilbod til medlemmene:**

Leikanger jfl forhandlar fortsatt «*Sportsman`s pride*» hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt bra og i 2015 er det seldt 2745kg hundefør, 240kg katterfør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtalar for medlemane hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Leikanger jfl fekk tildelt ein aluminiumbåt frå NJFF. Båten ligg på plass nr.83 i vestre hamn til Leikanger Båtlag. Båtplassen er sponsa av Leikanger Båtlag og Marine Harvest. Båtansvarleg er Bjarne Sjøthun. Medlemar som ynskjer å bruke båten, må kjøpe ein nøkkel og booke seg inn på nettportalen til NJFF. Barnehagane får tilgang til båten når den er ledig.

I desember gjennomførte me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som røykesjef. 22 deltakarar var med på heile prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Marine Harvest sponsa 38 laks på 4-5kg til prosjektet (verdi ca.10 000,-kr)

Det vart delt ut vakumpakka laksestykker til medlemar og andre som har bidrege i 2015.

Leikanger jfl inngjekk ein ny avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 5 stk hjorteløyver i Teigen i Luster Kommune. Jakten vart stopp/utsett i nesten 2 mnd. pga. usemje om eigedomsgrensar i jaktterrenget. I slutten av oktober vart det opna att for jakt og 3 jegrar var inne felt ein bukk. Me fekk tilbakebetalt dei 4 siste løyva.

Leikanger jfl fekk også tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Ca.15-20 jegrar var med på jakta. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring. Alle dyra vart felte og nesten alt kjøttet vart seldt.

Pga. av sein fiskesesong og freding i småviltjakten var det berre 7 overnattingar i Trastadalshytta, inkl.3 med dugnad. Det vart utført dugnadsarbeid som skifting av ytterdør og resten av kledningen av Kjetil Berg, Eivind Røysum, Kim Vidar Bakken og Lounes Riise.

Lagshytta, grillhytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfinnk, storskarv, smålom og fossefall.

## **Utvala i 2015**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Lounes Riise

Medlem: Kjetil Berg

Medlem: Eivind Røysum

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun

Medlem: Per Olav Henjum

Medlem: Per Norstein

Medlem: Terje Verlo

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Emil Røysum Skartun

Medlem: Are Sangvik Grandal

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Ole Simen Nesdal

Medlem: Bjørn Ove Steig

Medlem: Inger Ness

Medlem: Kim Vidar Bakken

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Jon Husabø

Medlem: Bjørn Monsen

Medlem: Oliver Prøven

Medlem: Odd Rune Våge

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2015

	2015	2014	2013
<b>UTGIFTER</b>			
Medl.kontingentar	1 050,00	1 200,00	2 590,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	29 547,00	39 699,10	9 200,30
Trastadalshytta	12 363,30		579,40
Drift leirduebane	59 402,00	61 351,00	60 910,15
Drift lagshytte	35 976,19	44 724,60	25 956,92
Nybygg/dugnadsarbeid	37 698,68	83 014,25	163 449,83
Jakt og fangst	57 145,97	38 572,75	19 532,00
Barn/ungdomsaktivitetar	19 009,21	25 191,30	13 245,50
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	1 482,00	5 355,45	1 811,00
Dyrefør	76 718,00	69 972,00	71 545,00
Diverse utgifter	34 687,17	85 259,05	148 881,80
<b>Sum utgifter</b>	<b>365 079,52</b>	<b>454 339,50</b>	<b>517 701,90</b>
<b>INNETEKTER</b>			
Medl.kontingentar	13 315,00	14 320,00	15 960,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	34 022,00	20 288,00	22 492,00
Trastadalshytta	530,00	3 375,00	1 525,00
Drift Leirduebane	104 870,00	56 593,00	67 706,00
Drift lagshytte	26 486,00	30 075,00	20 300,00
Nybygg/dugnadsarbeid			6 475,00
Jakt og fangst	45 464,00	35 155,00	8 597,50
Barn/ungdomsaktivitetar	80 077,71	43 498,00	49 422,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	14 180,00	6 925,00	8 330,00
Dyrefør	71 850,00	78 526,00	95 370,00
Diverse inntekter	29 053,00	43 388,00	100 539,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	162 761,75	163 343,88	162 858,70
<b>Sum inntekter</b>	<b>582 609,46</b>	<b>495 486,88</b>	<b>559 575,20</b>
<b>Overskot</b>	<b>217 529,94</b>	<b>41 147,38</b>	<b>41 873,30</b>
<b>AKTIVA PR 31.12.2015</b>			
Sparebanken Sogn og Fjordane	508 116,86	290 588,92	254 713,54
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	31 707,00	35 230,00	5 811,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	60 898,50	61 040,00	47 400,00
4 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	23 219,00	25 799,00	24 221,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 830 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	63 042,00	70 047,00	77 829,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	7 347,00	8 163,00	4 625,00
DVD, 2 stk projektorar, høgtalaranlegg, skriver/kopi, bærbar F	13 292,00	14 769,00	16 409,00
5 stk hagler + luftgevær	22 181,00	24 645,00	27 383,00
Utstoppa dyr og fuglar	51 512,00	57 235,00	39 150,00
Quick-telt, gummibåt, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	18 653,00	20 725,00	20 250,00
Kasse med kontantar	1 680,00	1 350,00	895,00
Dyrefør	34 580,00	15 000,00	9 990,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>2 766 228,36</b>	<b>2 554 591,92</b>	<b>2 358 676,54</b>
<b>PASSIVA PR 31.12.2015</b>			
Lån pr 01.01.2015	0,00	5 272,00	65 943,00
Avdrag		-5 272,00	-60 671,00
Lån pr 31.12.2015	0,00	0,00	5 272,00

31.12.2015/26.01.2016

*[Handwritten signature]*

*Rikneskapen er revidert, inntekter og utgifter samsvarar med bilaga.*

*05.02.16*

*Inge Yltri Sverre Fossee*

# Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2015

Forklaring: A = på val 2016 B = ikkje på val 2016

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	<i>Attval</i>	99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse	<i>Attval</i>	99205044
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
B 1år	Varamedlem	Kim Vidar Bakken	<i>Odd Rune Våge</i>	45255241
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl	<i>Attval</i>	97106904

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>Attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>Attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Terje Verlo		41525303

## Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Lounes Riise	<i>Attval</i>	92297925
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167
A	Medlem	Eivind Røysum	<i>Attval</i>	95927891

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>Attval</i>	90605267
A	Medlem	Odd Reksnes	<i>Tom Debu Nesvåg</i>	95758559
B	Medlem	Are Sangvik Grandal		47235666
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		47641028

## Ungdomsutval:

A	Leiar	Ole Simen Nesdal	<i>Kim Vidar Bakken</i>	99607677
B	Medlem	Bjørn Ove Steig		90740719
A	Medlem	Inger Ness	<i>Attval</i>	92870410
B 1år	Medlem	Kim Vidar Bakken	<i>Camilla Njøs</i>	45255241

## Hundeutval:

B	Leiar	Jon Husabø		91308911
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Oliver Prøven	<i>Attval</i>	41425383
A	Medlem	Odd Rune Våge	<i>Attval</i>	41295025

## Revisor:

A		Sverre Fossen	<i>Attval</i>	95841004
B		Inge Yttri		90593596

## Valkomite:

B	Leiar	Terje Verlo	<i>Bjarne Sjøthun</i>	41525303
A	Medlem	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem			



# Aktivitatar 1. halvår 2016, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<i>Januar 2016</i>	<i>Februar 2016</i>	<i>Mars 2016</i>	<i>April 2016</i>	<i>Mai 2016</i>	<i>Juni 2016</i>
26. Jeger trening kal.22 19:00	1. Jegerprøven 18:00 2. Jegerskyting kal.22 19:00 8. Jegerprøven 18:00 9. Jegerskyting kal.22 19:00 16. Jegerskyting kal.22 19:00 22. Jegerprøven 18:00 23. Jegerskyting kal.22 19:00 26. Årsmøte 19:00 29. jegerprøven 18:00	1. Jegerprøven 18:00 6. Isfisketur 7. Jegerprøven 18:00 8. Jegerskyting kal.22 19:00 11.-12. årsmøte njff s. fj. 14. Jegerprøven 18:00 15. Jegerskyting kal.22 19:00 29. Jegerprøven 18:00	4. Jegerprøven 18:00 11. Jegerprøve-leirdue 17:00 13. Opning bane 18:00 14. Jegerprøve-100m 17:00 18. JSS-leirdue 18:00 19. JSS kal 22 18:00 20. Trening/leirdue 18:00 25. JSS-leirdue 18:00 26. JSS kal 22 18:00 27. Trening/leirdue 18:00 30. Hagledommerkurs  Jakt skyttarskule: JSS-leirdue JSS-kal 22	2. JSS-leirdue 18:00 3. JSS kal 22 18:00 4. Trening/leirdue 18:00 8. Livet i Pilavika 9. JSS-leirdue 18:00 10. JSS kal 22 18:00 11. Trening/leirdue 18:00 18. Trening/leirdue 18:00 22. Vårsprellen 23. JSS-leirdue 18:00 24. JSS kal 22 18:00 25. Trening/leirdue 18:00 29. Jakt skytingens dag 30. JSS-leirdue 18:00 31. JSS kal 22 18:00  ? Aversjon/EI-halsband	1. Trening/leirdue 18:00 5. Indre Sogn Cup 6. Trening/leirdue 18:00 8. Trening/leirdue 18:00 13. Trening/leirdue 18:00 15. Trening/leirdue 18:00 20. Trening/leirdue 18:00 22. Trening/leirdue 18:00 27. Trening/leirdue 18:00 29. Trening/leirdue 18:00  ? 7.klasse- Flotande  ? Barnehaugen-Pilavika

## Aktiviteter 2. halvår 2016, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<i>Juli 2016</i>	<i>August 2016</i>	<i>September 2016</i>	<i>Oktober 2016</i>	<i>November 2016</i>	<i>Desember 2016</i>
4. Trening/leirdue 18:00 6. Trening/leirdue 18:00 10. Fiskesommer 12:00 ? Fiskekonk Fjærlandsete	1. Trening/leirdue 18:00 3. Trening/leirdue 18:00 8. Trening/leirdue 18:00 10. Trening/leirdue 18:00 13. Duellen100m/hagle 14:00 15. Trening/leirdue 18:00 17. Trening/leirdue 18:00 20. Blodsporkonkurrans 22. Trening/leirdue 18:00 24. Trening/leirdue 18:00 29. Trening/leirdue 18:00 31. Trening/leirdue 18:00 ? . Lagm. jegertrap 17:00 ? . Lagm. sporting 17:00 ? Lagm. Jaktfelt/kulesti	5. Trening/leirdue 18:00 7. Trening/leirdue 18:00 ? .Garnfiske-barnehagen ? .Garnfiske-barnehagen ? Aversjon/EI-halsband ? Parteringskurs	?. Stend-fruktbaredagar ? Pøsekurs	?. Medlemskveld ?. Fellefangst-mår ?. Åtejakt på rev	?. Medlemskveld ? Røyking av laks/aure

# Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa 26.februar 2016 kl.19:00

**Desse møtte:** Leif Frækaland, Inger Ness, Kåre Vangelsten, Per Sivert Nesdal, Kim Vidar Bakken, Bjarne Sjøthun, Terje Verlo, Per Olav Henjum, Per Harald Søvik, Bjørn Ove Steig, Frode Ølmheim, Håkon Nesse, Svein Inge Lundheim, Kjell Erik Strand

## SAKLISTE:

### 1. Godkjenning av møteinnkalling.

Ingen merknad

### 2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

### 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Inger Ness  
2. Per Sivert Nesdal

### 4. Årsmelding 2015

Ingen merknad

### 5. Rekneskap 2015

Rekneskapen vart godkjend

### 6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

#### Styret:

Nesteiar: Ole Simen Nesdal	attval
Kasserar: Håkon Nesse	attval
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl	attval
Varamedlem: Odd Rune Våge	ny 1år

#### Jaktutval:

Leiar: Bjarne Sjøthun	attval
Medlem: Per Olav Henjum	attval

#### Fiskeutval:

Medlem: Lounes Riise	attval
Medlem: Eivind Røysum	attval

#### Leirduebaneutval:

Leiar: Svein Inge Lundheim	attval
Medlem: Tom Debu Nesvåg	ny

#### Ungdomsutval:

Leiar: Kim Vidar Bakken	ny
Medlem: Inger Ness	attval
Medlem: Camilla Njøs	ny 1år

#### Hundeutval:

Medlem: Oliver Prøven	attval
Medlem: Odd Rune Våge	attval

**Revisor:**

Sverre Fossen

attval

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

**Innstilling frå styret på valnemnd:**

Leiar : Bjarne Sjøthun

Medlem: Inger Ness

Leiar og medlem vart valt samrøystes.

**7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.****Vik 11.-12. mars**

Forslag frå styret:

Svein Inge Lundheim, Kim Vidar Bakken og Kjetil Berg

Alle vart valt samrøystes.

**8. Medlemskontigent 2017**

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontingenten for 2017

Samrøystes.

**9. Info. om aktivitetar i 2016.**

- Gjennomgang av aktivitetar i 2016
- Det vart orientert om dugnadsarbeid på Kleppa inkludert plan om ferdigstilling av sportinganlegg, grillhytte og Trastadalshytta våren/somaren 2016
- Det vart informert om hjortejakt i Skjolden og Huksdalen.
- Predatorkonkurransen: Pga. freding av småvilt, har det vore ein misforståelse om det også gjalt smårovvilt som rev, mår, røyskatt og liknande.  
Vedtak: For å unngå missforståelse for ettertiden, ynskjer årsmøte i Leikanger Jakt- og Fiskelag at Systrond Grunneigarlag sender ut ei oppfordring til alle jegrar og fangstmenn om å drive med pridatorfangst og for å auke interessa for predatorkonkurransen.


**10. Innkomne saker.**

Ingen saker.


Årsmøtet slutt kl. 20

Servering av hjortegryte laga av Kjetil Berg

Underskrift:



Inger Ness



Per Sivert Nesdal